

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

John Kringeland Grønsberg
Grunneigar Gardsnr. 28 bruk 18 og 42
Låvi 48
5745 Aurland

29.06.2026

Høyringsuttalelse saksnummer 202525845, Låvi kraftverk

I denne tid med nedbygging av norsk natur i stor skala, vonar eg at det er samfunnsnytta som i hovudsak vegast opp mot konsekvensane. Den økonomiske fortenesta åleine skal ikkje kunne ligge til grunn for dei større permanente fotavtrykka i særskilt fin natur.

Mine merknader som grunneigar

- **Adkomstportal Låvi kraftverk:**

Det er per no tenkt i sør-øst enden av landbruksarealet tilknytt 28/42. Ein plassering her vil medføre permanent tap av matjord. Det er eit sterkt ønske om at nytt påhogg er plassert så nært som mogleg eksisterande tunell.

-Flytte påhogg/ankomstportal vestover så nært eksisterande tunell som mogleg.

- **Rigg området R6:**

Det er ikkje eit ønske om at dette aktive landbruksområde vert nytta som riggområde, men det er forståing for at dette kan vere eit viktig området for effektiv drift. Dersom det vert nytta som riggområde vil det vere gunstig for alle partar at dei nyttar heile det flate området der (utvide austlege del av R6 nedover mot elva). Grunna at den gjenværande dyrka mark vil bli tung å drive i anleggsperioden og Hafslund vil kunne ha eit større nærliggande riggområde. Etter eventuelt riggområde er avslutta er det eit ønske om tilbakedyrking av området i eit stykke, utan ein liten bratt bakke som deler stykket i to slåtteteigar.

-Ikkje nytte matjord på 28/42 som riggområde for R6 eller bruke heile flata og dyrke opp alt etterpå.

- **Høgdebasseng Tipp Låvi 2:**

Det vert sett på som ein sjølvfølge at utbygger etablerer ein midlertidig løysning under eventuelt massedeposering i området. Der ein har ein driftsikker vasstilførsel til alle bustadhusa i området, med enkel tilgang for uttak av periodiske vassprøvar. Det nåverande høgdebassenget er i god stand og påkosta. Ved etablering av nytt høgdebasseng må Låvi vassverk være involvert i prosessen om utførelse og plassering.

-Ivareta drikkevatnet til naboar i og etter anleggsperioden.

- **Sikrings tiltak Tverrelva:**

Tverrelva kan til tider være stor og det er ein frykt for oss som bur her at ho skal bryte ut av sitt originale løp under flaum. Dette har skjedd før og det er fare for bustadhus. Det er tidlegare gjort mindre sikringstiltak. Ein bør derfor nytte denne anledninga til å lage eit kraftig permanent sikringstiltak.

-Opprette flaumsikringstiltak ved Tverrelva med tilgjengelege massar.

- **Utnytting av massedeponi:**

Denne reguleringsplanen vil innebera tap av matjord, dette er ein produksjonsressurs som har stor verdi for landbruksdrifta på eigedommane. Å øydelegge matjord strider mot det nasjonale målet om strengt jordvern. Det bør derfor dyrkast opp deler av massedeponia. Dette vil då kunne bidra til motverknad av den negative utviklinga i jordbruksareal. Sjølv om hovuddelen av massedeponia ligg på felles utmark, bør ikkje eigarforholda stoppe denne moglegheita. Det er mykje små jordbruksareal på Låvi og ein utskifting vil vær gunstig. Eit sånt nytt landbruksareal vil lett gli inn i den prosessen. Elles burde dette kunne løysast gjennom kontraktar angående bruk eller eigarskifte/utkjøping. Grunneigarane har fastsette prosentdelar av utmarka og sjølv eigde skogteigar.

-Sjå på moglegheita for oppdyrking av deponia.

Merknadar som nabo og aktiv brukar av området

- **Øydelegging av verdifull haustingsskog**

Planane vil rasere eit etablert og rikt skogsområde som er kjent i lokalmiljøet for sin rike kantarellførekomst. Denne typen haustingsbasert friluftsliv har stor verdi for folkehelsa og trivselen i nærområdet. Ein fjerning av skogen vil vere eit uoppretteleg tap for oss som bur her.

- **Degradering av nærturterreng, jakt- og friluftsinnteresser**

Både deponi tipp Låvi 1 og tipp Låvi 2 er aktivt nytta turområde. Anleggsaktivitetane vil degradere desse kvalitetane, skremme bort viltet og gjere området uattraktivt i lang tid. Jaktmoglegheitane i området vil verte atskilleg meir uattraktive.

- **Unødvendig spreidd av inngrep**

Slik som reguleringsplanen er utforma no er deponia spreidd over eit unødvendig stort og uberørt areal. Dette strider mot prinsippet om samlokalisering. Ein bør vurdere moglegheita på å unngå Låvi tipp 2 og heller utvide Låvi tipp 1.

- **Tildekking og tilsåing**

Aurland er kjent for eit fantastisk naturlandskap og eit inngrep av denne størrelsen vil ha stor påverknad på både turismen og lokalbefolkninga i lang tid. Det er derfor viktig at den sjenerande perioden blir så kort som mogleg. At det ved ein eventuelt innvilga konsesjon, blir stilt strenge krav om utnytting av dei jordressursane som er i terrenget. Tjukna på toppdekket av deponia bør vere tilstrekkeleg og tilsådd med naturlege artar frå området. Det har påverknad på livskvaliteten for oss som bur her, på ein nydeleg plass, at me no kan få ein svær steinfylling i tur og nærområdet vårt. Difor bør det leggjast til rette for hurtig tilgroing.